



Til Vestland fylkeskommune

Dale 26.03,20

Høyringsfråsegn Vaksdal Næringssselskap AS

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling frå Vestland fylkeskommune er eit godt utgangspunkt for føremålet. Vaksdal Næringssselskap AS stør målsetjinga til Vestland fylke om å basera seg på berekraftig bruk av naturressursar, grøen næringsutvikling og innovasjon.

Vaksdal kommune er sjølve i gong med eigen strategisk næringsplan som denne planen vil vera eit nyttig supplement til.

Fylkeskommunen har bedt oss om å svara på fylgjande spørsmål:

-I kva grad gjer planen ei tydeleg strategisk retning for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket fram mot 2033?

Det berande elementet i planen er at me skal oppnå FN sine berekraftsmål gjennom innovasjon og næringsutvikling. Klimaendringar, demografisk utvikling, konsekvensar av koronapandemien og nedgang i olje- og gassproduksjon er utfordringar som vil påverke fylket og Vaksdal kommune i åra som kjem. Økonomisk berekraft, og verdiskaping ligg i botn.

-Planen har tre satsingar: grøen næringsutvikling, innovative og inkluderande samfunn og areal til næringsutvikling. Er dei tre satsingane og tilhøyrande strategiar veileigna til å nå måla?

Arbeidsløysa er for tida skyhøg etter ei lang tid med pandemi. Vidare utdanning av vaksne må vera ei målsetjing for å folk i jobb igjen.

For Vaksdal kommune som no har fått fellesprosjektet E16/Vossebanen inn i fyrste del av Nasjonal transportplan er desse tre satsingane og tilhøyrande strategiar svært veileigna til å nå måla. Vaksdal kommune vil ha behov for å rigga seg til å skapa framtidssamfunna på Vaksdal og Stanghelle kring dei nye jernbanestasjonane. Vaksdal og Vestland fylkeskommune må planlegga langt fram i tid. Skal Bergen oppnå byvekstmålet om at all trafikkauke må skje med kollektiv, sykkel og gåande er det avgjerande at Vaksdal kommune lukkast med å skapa innovative og inkluderande samfunn. K5 har statleg reguleringsplan, og det er avgjerande at fylkeskommunen er med Vaksdal kommune om knutepunktsutvikling, for å få best mogleg utvikling av næring og bustader.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028 frå Vestland fylkeskommune understrekar nettopp dette: *Sentrumsområde bør utviklast til viktige arenaer for handel og kultur, bustader og arbeidsplassar som kan utnytte ei sentral plassering og godt tilgjenge til kollektivtransport. ABC-prinsippet skal leggjast til grunn ved lokalisering av handels- og næringsverksemd.*

Dette vert framheva i oppdragsbrevet til K5 Arna-Stanghelle frå 8.12.2015: *Samferdselsdepartementet forventer at lokale myndigheter bygger opp under disse investeringene gjennom aktuelle virkemidler på sine ansvarsområder. Det er derfor viktig at transportetatene og lokale myndigheter i samarbeid legger til rette for at nytten av prosjektene blir best mulig.*

Me vonar Vestland fylkeskommune ser på seg sjølve som «lokale I Oslo kommune sin samordna areal- og transportplan har dei gått enno lengre. Her seier dei at områda kring kollektivknutepunkt



for jernbane skal vera prioriterte vekstområde. Vidare at det må leggest til rette for offentlege besøksverksemdar i tilknytning til prioriterte vekstområde og kollektivknutepunkta. Vaksdal og Stanghelle treng arealintensive verksemdar. Dobbeltspor jernbane har tilsvarande trafikkapasitet som 10 vegfelt, men utgjer til skilnad berekraftig kollektivtransport. Utviklinga som vil koma i regionsenteret Arna, med ferdigstilt dobbeltspor jernbane til Bergen sentrum i 2024, vil få føringar for utviklinga av Vaksdal og Stanghelle. Fylkeskommunen bør ta eit spesielt ansvar for funksjonelle fylkesvegane, og grensesnittet til E16.

Infrastruktur på vasskraft, og i form av å ligga på infrastrukturen mellom Oslo og Bergen, Vestlandet og Austlandet, er det som har bygd Vaksdal kommune. For at Vestland skal sikra utvikling i heile fylket må ein satsa vidare på vasskraft som ein viktig ressurs for utvikling. No må det koma infrastruktur på vasskrafta i kommunen, og på mørk fiber som ligg i grøfta ved Vossebana. Dale har gode føresetnader til datadriven næringsutvikling og til det treng me utfyllande infrastruktur til K5.

Vaksdal Næringssselskap AS kan ikkje setja stor nok strek under denne setninga i innovasjons- og næringsplanen: *Rett areal for rett næring, der ein har tatt omsyn til tilgang til infrastruktur.*